

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

27.10.2015

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

onsdag, 04.11.2015 kl. 14.00 i formannskapsalen

SAKLISTE:

- Sak 22/15 - Godkjenning av møtebok frå møte 16.06.2015
- « 23/15 - Oppgåver for kontrollutvalet, oversikt over sakstypar og årshjul
- « 24/15 - Kontrollutvalboka, spørjerunde om kontroll og revisjon
- « 25/15 - Forvaltningsrevisjonsrapport Årim – spørsmål om innfalsvinklar i arbeidet m.m. (Drøfting)
- « 26/15 - Eventuell gjennomgang av kommunale reglement
- « 27/15 - Vedkomande budsjett 2016 – kontrollutvalet
- « 28/15 - Innkomen e-post gjeldande Storhallen
- « 29/15 - Tidspunkt og saker neste møte (Drøfting)
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 27. mai 2015, kl.14.00

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth og Ole Bjørn Roald

Anita Søvik hadde meldt forfall

= 4 og 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Sykkylven kommune møtte rådmann May – Helen Molvær Grimstad og økonomisjef Arild Bergstrøm.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 17/15

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 16. APRIL 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 16. april 2015 blir godkjent.

SAK 18/15

ÅRSMELDING 2014 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 21.05.2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2014 for Sykkylven kommune til orientering.

SAK 19/15

KOMMUNEREKNESKAPEN 2014 – SYKKYLVEN KOMMUNE

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 21.05.2015:

1. Sykkylven kommune sin rekneskap for 2014 blir godkjent.
2. Innan enkelte einingar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf. kommunelova § 47 nr. 1.
3. Kontrollutvalet viser til det store akkumulerte meirforbruket og vil følgje opp den økonomiske utviklinga i 2015.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Sykkylven kommune sin rekneskap for 2014 blir godkjent.
2. Innan enkelte einingar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf. kommunelova § 47 nr. 1.
3. Kontrollutvalet ser svært alvorleg på det store akkumulerte meirforbruket og vil følgje opp den økonomiske utviklinga i 2015.

SAK 20/15

SAKSBEHANDLING FOR KOMMUNEDELPLAN

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 21.05.2015

Ole Bjørn Roald stilte spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Ved votering vart Ole Bjørn Roald samrøystes erklært inhabil.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at kommunen har behandla denne saka feil.
2. Kontrollutvalet viser til at kommunedelplanen blir vurdert på nytt i 2015.

Ole Bjørn Roald tok sete.

SAK 21/15

UTSETT SAK VEKOMANDE UTFAKTURERING KULTURHUSET

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 21.05.2015

Økonomisjef Arild Bergstrøm opplyste at det no er teke i bruk ny rutine der fakturagrunnlag blir lagt inn kvar månad.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

SUNNMØRE KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 27.10.2015

SAK 23/15 OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR, ÅRSJUL

1. Innleiing

Ordninga med at kommunar vart pliktig til å oppnemne eigne kontrollutval, vart innført med kommunelova i 1992 (lov 25.september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommuner). Tidlegare hadde denne funksjonen med tilsyn og kontroll med kommunane vore plassert hjå formannskapet og eksterne organ, som fylkesmannen. Sistnemnte har, slik som andre eksterne kontrollorgan har framleis ein del kontroll- og tilsynsoppgåver med kommunane, men ikkje i same omfang som tidlegare.

Det vart i samband med forarbeida til kommunelova (Ot.prp. nr. 42 (1991-1992)) lagt betydeleg vekt på kontrollfunksjonen som kontrollutvalet skulle ha. Føresetnadene var på den eine sida at kommunestyret/fylkestinget skal trekkje opp meir overordna og langsiktige retningsliner for den kommunale/fylkeskommunale verksemda, samt at dei på den andre sida skal kontrollere at desse vert følgt opp i praksis.

Ved lovendringa i 2003 var hovudfokuset på at kontrollutvalet skulle få ein meir aktiv og uavhengig rolle overfor kommunen samt dei som var ansvarlig for revisjon av kommunens verksemd. Ved lovendringa vart det eit nytt kapittel 12 som omhandlar internt tilsyn og kontroll, samt revisjon. Kapitlet erstatta den tidlegare § 60.

Hovudsiktemålet for kontrollutvalet sitt arbeid er gjennom sitt løpende tilsyn og etterfølgjande kontroll med kommunal verksemd, i størst mogleg grad å vere med på å sikre at kommunens verksemd er i tråd med gjeldande lover og regelverk, samt skape tillit til den kommunale forvaltninga av fellesskapets ressursar på vegne av kommunens innbyggjarar.

2. Avgrensing

I det vidare ønskjar ein i hovudsak å framstille ei oversikt over saksbehandlinga i kontrollutvalet, herunder ei oversikt over saker fordelt på tre hovudkategoriar: Saker kontrollutvalet skal behandle, saker kontrollutvalet bør behandle, samt saker som elles kan

takast opp til behandling. Ein vil samstundes prøve å lage ein oversikt over saker som blir behandla kvart kalenderår samt saksbehandlinga av desse, med tillegg av saker som elles kan komme opp og der det finst vedtekne prosedyrar for saksbehandlinga.

3. Heimelsgrunnlag

Kontrollutvalet si saksbehandling er heimla i kommunelova §§ 77, 78 og 80 samt i forskrift av 15. juni 2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskriften) og forskrift 15. juni 2004 nr. 904 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. (revisjonsforskrifta)

4. Saker til behandling i kontrollutvalet

4.1 Saker som skal behandlast i kontrollutvalet

4.1.1.1 Årsrekneskap

Det følgjer av kommunelova § 77 nr 4 at ”kontrollutvalget skal påse at kommunens.. regnskaper blir revidert på en betryggende måte.” Med rekneskap må ein her forstå årsrekneskap. Kva årsrekneskap omfattar og skal innehalde, følgjer av kommunelova § 48.

I dei tilfella der kommunen har skilt ut delar av si verksemd i eigne føretak som kommunale føretak (KF), er kontrollutvalet pliktig til å behandle desse då dei ikkje er eigne rettssubjekt, men ein del av kommunen og saman med rekneskapen til kommunen avspeglar dei den samla verksemda i kommunal regi.

4.1.1.2 Årsmeldingar

Det følgjer av koml § 48 nr 1 at årsmelding skal føreligge seinast samtidig med årsrekneskapen til kommunen eller dei kommunale føretaka. Årsmelding og årsrekneskap skal samla sett gi eit heilhetleg bilete av den samla verksemda i kommunen i det føregåande året. Dette gjeld og for kommunale føretak.

Herunder ligg og om ønskjeleg utarbeiding av årsmelding for kontrollutvalet. Sjølv om kontrollutvalet fortløpende rapporterer til kommunestyret om resultatane av sitt arbeid, jf. koml § 77 nr 6, ser ein det som naturleg at utvalet også tek ei årleg oppsummering av saker som har vore oppe til behandling i utvalet.

4.1.1.3 Oppfølging av revisjonsmerknader

Det følgjer av kontrollutvalgsforskrifta § 8 ei plikt for kontrollutvalet å sjå til at eventuelle merknader eller forhold revisor har påpeikt i samband med årsrekneskapen blir følgt opp.

4.1.2 Forvaltningsrevisjon

4.1.2.1 Overordna plan for forvaltningsrevisjon

Koml § 77 nr. 4 andre punktum slår fast at kontrollutvalet skal ”påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak”. Vidare skal kontrollutvalet sjå til ”at det blir gjennomført systematiske vurderingar av

økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger” - forvaltningsrevisjon.

Det følger av kontrollutvalgsforskrifta § 10 at det blir utarbeidd ein overordna plan for forvaltningsrevisjon minst ein gong i løpet av ei fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert,

Kva ein forvaltningsrevisjon skal innehalde, følger av revisjonsforskrifta § 7.

4.1.2.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar

So snart forvaltningsrevisjon er gjennomført, skal kontrollutvalet i samsvar til § 11 i forskrifta gi rapport til kommunestyret om resultata av denne. Dette samsvarer med revisjonsforskrifta § 8.

4.1.2.4 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknytning til behandling av forvaltningsrevisjonsrapportar blir følgt opp, jf kontrollutvalgsforskrifta § 12.

I denne samanhengen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om korleis kommunestyrets merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten har blitt følgt opp. Tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgt opp på ein tilfredsstillande måte, er kontrollutvalet pliktig til å rapportere.

Alle forvaltningsrevisjonsrapportar skal systematisk følgjast opp for å sjå til at forvaltninga iverkset tiltak for å rette opp påviste avvik.

Det er kommunens administrative leing med rådmannen i spissen som har ansvar for oppfølginga av kommunestyrets merknader. I dette ligg at det er administrasjonen sjølv, ikkje kontrollutvalet, som kan fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik i det konkrete tilfellet.

4.1.3 Selskapskontroll

4.1.3.1 Plan for selskapskontroll

I samsvar med koml § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet ”*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper m.m.*” Det er gitt ein eigen særbestemmelse om selskapskontroll i koml § 80.

Minst ein gong i løpet av ein fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal kontrollutvalet utarbeide ei plan for gjennomføring av selskapskontroll, jf kontrollutvalgsforskrifta § 13.

Herunder vil det gjerne følgje med ei liste over dei selskapa det er relevant å føreta selskapskontroll av på vegne av kommunestyret.

Kva ein slik selskapskontroll skal omfatte, følger av forskriftas § 14.

I tillegg til selskapskontroll, er det ikkje til hinder at det samtidig blir gjort ein forvaltningsrevisjon av det respektive selskapet. Det følger av forskrifta § 14 andre ledd.

Selskapskontrollen er som med forvaltningsrevisjon, ei bestilling kontrollutvalet gjer. Utføringa av denne kontrollen er det ofte hensiktsmessig å tillegge ansvarleg revisor.

I dei tilfella det kun er snakk om å få utført selskapskontroll, er det ikkje til hinder for at denne kan utførast av kontrollutvalets sekretariat.

4.1.3.3 Rapportering om selskapskontroll

Utført selskapskontroll skal rapporterast til kontrollutvalet. Utvalet avgjør sjølv korleis rapporteringa skal føregå, samt kva rapporten skal innehalde. Etter eit kontradiktorisk prinsipp, skal eit selskap som er omfatta av selskapskontroll og den som utøver kommunens eigarfunksjon, alltid gjevast høve til å gjeve uttrykk for sitt syn på dei forholda som er omtala i rapporten. Dette følgjer av forskrifta § 15.

4.1.4 Revisjonsplan

Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 9 at kommunens verksemd blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg at det utarbeiding av revisjonsplan. Då også revisor er ansvarlig for planlegging, gjennomføring og rapportering av rekneskapsrevisjon for den enkelte kommune, jfr revisjonsforskrifta § 4, vil ein revisjonsplan også omhandle rekneskapsrevisjon. I dei tilfelle det skal gjennomførast selskapskontroll, bør også dette innarbeidast i planen.

Kontrollutvalet har ei "bestillarrolle" når det gjeld forvaltningsrevisjon. Utvalet er pliktig til å sjå til at revisjon blir gjennomført, men at oppdraget for sjølve gjennomføringa blir sett ut til revisjonen. Med tanke på den bestiller – utførar rolla mellom kontrollutvalet og revisjonen, ser ein det som ein naturleg konsekvens at revisjonen også utarbeider revisjonsplana (t.d. plan for forvaltningsrevisjon).

4.1.5 Rapport frå revisjonen

Oppdragsansvarleg revisor skal rapportere tilbake til kontrollutvalet resultatata av sin revisjon og kontroll. Denne rapporteringa kan med fordel gjerast halvårleg.

4.1.6 Anna

4.1.6.1 Vurdering av revisors uavhengigheit

Den som utføre revisjon på vegne av kontrollutvalet, skal løpende vurdere si uavhengigheit. Det følgjer av revisjonsforskrifta § 15 at oppdragsansvarleg revisor kvart år, avgir ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

4.1.6.2 Val av revisjonsordning

I dei tilfeller kor kommunen vurderer å tilsette egne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon (IKS), eller inngå avtale med anna revisor, skal kontrollutvalets innstilling i saka leggst til grunn. Det følgjer av koml § 78 nr 3, samt forskrifta § 16. Kontrollutvalet kan og av eige tiltak foreta ei slik utgreiing og avgi innstilling overfor kommunestyret. Utgreiing av revisjonsordninga kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariatet eller andre eksterne.

4.1.6.3 Val av revisor

Som med punktet ovanfor, skal val av revisor for kommunen skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet, jfr. koml § 78 nr 4. Kontrollutvalet kan av eige tiltak foreta utgreiing og leggje fram innstilling i saka. Denne saka må sjåast i samanheng med ovanstående punkt.

4.1.6.5 Budsjetthandling

I sambande med den årlige budsjettbehandling, skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapetets innstilling til kommunestyret. Det følgjer av kontrollutvalfskrifta § 18. I revisjonsselskap organisert som IKS er det representantskapet som vedtek budsjettet, jf lov av 29.januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap § 18.

4.2 Saker som kontrollutvalet bør behandle

4.2.1 Oppfølging av politiske vedtak

I løpet av eit kalenderår vedtek kommunestyret mange saker av ulikt omfang. Det er kommunens administrasjon som skal effektuere desse vedtaka. Då kontrollutvalet utlei sin kompetanse frå kommunestyret som øvste tilsynsorgan med den kommunale forvaltninga, koml § 77 nr 1, jfr. § 76, og førestår det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, fell det naturleg at utvalet også krev ei orientering og oversikt over saker som ikkje har blitt iverksatt frå administrasjonen si side. Ei ikkje iverksett avgjerd fatta av kommunestyret vil yære å sjå på som i strid med kommunestyrets vedtak og føresetnader.

Kontrollutvalet bør da kunne krevje at administrasjonen legg fram ein oversikt over vedtak som heilt eller delvis ikkje er iverksett, samt ei begrunning frå administrasjonen for denne situasjonen. Kontrollutvalet kan kun krevje å få seg førelagt kva saker det er snakk om, kva saken gjeld og kva forhold som har vanskeleggjort gjennomføringa frå administrasjonen si side. Kompetansen inn i mot korleis administrasjonen vel å iverksette vedtak fatta i folkevalde organ, ligg til den administrative leiinga, med mindre det følgjer av lov eller i medhald av lov, eller kommunestyret har lagt føringar eller vedtekne retningslinjer for korleis slike avgjerder skal iverksettast.

4.2.2 Skatterekneskap

Tidligere vart skatterekneskapen revidert av den lokale revisjonen som ga ei halvårleg revisjonsmelding til kommunen. Denne funksjonen vart 1. juli 2004 overført til Riksrevisjonen. Samtidig opphørde denne tilbakerapporteringa til kommunen. Etter denne dato blir det kun gitt ein årleg kontrollrapport som blir oversendt kommunen.

Kontrollrapporten gir kommunen tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld og eventuelle forslag til tiltak og forbetningspunkt. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbetningar. Vidare blir det frå Skattedirektoratets side forventat at skatteoppkrevjaren oversender skatterekneskapen og kopi av dokumentet til kommunestyret/kontrollutvalet.

4.2.3 Retningslinjer for selskapskontroll

Det følgjer av kontrollutvalfskrifta § 14 kva ein selskapskontroll skal innehalde. Sjelve gjennomføringa av selskapskontroll er ikkje regulert i revisjonskrifta. Av den grunn bør

kontrollutvalet utarbeide egne retningslinjer for korleis selskapskontroll skal gjennomførast som eit tillegg til forskrifta § 14. Dette kan kome inn i planen for selskapskontroll.

4.3 Saker som elles kan bli behandla i kontrollutvalet

4.3.1 Rekneskapsrapportar

I samsvar med budsjettforskriftene skal det leggst fram regnskapsrapportering minst to gongar pr. år utanom årsrekneskapan for kommunestyret. Desse rapportane bør også bli behandla i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at årsrekneskapan blir lagt fram i tråd med gjeldande regelverk.

4.3.3 Referat og orienteringar

Kontrollutvalet bør få ei tilbakemelding om saker som har vore behandla i dei ulike folkevalde organa i kommunen. Spesielt gjelder det saker kor kontrollutvalet har gitt si fråsegn eller kor saka er utarbeidd med innstilling frå kontrollutvalet.

Andre relevante saker kan vere tilbakemelding frå møte kor leiar og eventuelt nestleiar i utvalet har vore med.

4.3.4 Gjennomgang av møtebøker

Kontrollutvalet skal foreta eit løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga. Av den grunn kan det vere praktisk å foreta ein gjennomgang av møtebøker for dei andre folkevalde organa i kommunen. Dette for å sikre at vedtaka er i tråd med formell kompetanse som er gitt desse i samsvar med gjeldande delegeringsreglement, samt lover og forskrifter og sjå til at saksbehandlinga er i tråd med gjeldande regelverk. I hovudsak skal beslutningsprosessane vere i tråd med forvaltningslova, offentleglova og kommunelova sine egne bestemmelsar. For det tredje gjeld det å sjå til at dei vedtak som er fatta innhaldsmessig ikkje strir mot gjeldande lov og regelverk.

4.3.5 Møteplan for kontrollutvalet

Kontrollutvalet kan sjølv bestemme seg for om og eventuelt når møte skal fastsettast. Legg ein til grunn dei tidsfristane som gjeld for behandlinga av ulike sakstypar, kan ein ut i frå desse kunne sette opp ein møteplan for kontrollutvalet si verksemd. Dei opplysningane som kjem fram i punkt 5 om tidsfristar for behandling samanhalde med utkast til årshjul, gir kontrollutvalet ein forholdsvis klar oversikt med tanke på kva for saker ein kan forvente å behandle i dei forskjellige møta.

4.3.6 Reglement for kontrollutvalet

Kommunelova § 77 og kontrollutvalsforskrifta kapittel 8 §§ 19 og 20 omhandlar saksbehandling i kontrollutvalet, samt sekretariatet si rolle. Bestemmelsane er ikkje til hinder for at det enkelte kontrollutval kan vedta egne reglement som utfyller forskrifta. Herunder kan ein avklare

- fullmaktsforhold,
- saksbehandlinga,
- utvalet si samansetting/representasjon i kommunestyret,
- åpne eller lukka møter,
- forholdet KU/sekretariat
- forholdet KU/revisjon, samt
- forholdet sekretariat/revisjon

4.3.7 Sentrale styringsverktøy i kommunen

Samtlege kommunar er meir eller mindre pålagt å utarbeide sentrale styringsverktøy for den kommunale verksemda innanfor dei ulike forvaltningsområda.

Det kan vere:

- **Økonomireglement**
- **Delegeringsreglement**
- **Personalhandbok**
- **Reglement for godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsinntekt til folkevalde**

Oppgåva for kontrollutvalet blir å sjå til at desse reglementa er i samsvar med gjeldande lover og regelverk. I samband med revidering og endringar, kan kontrollutvalet komme med eigne fråsegner, slik at dei for ettertida framleis ikkje strir mot anna regelverk som den kommunale forvaltning må forhalde seg til.

4.3.8 Krav til god forvaltningsskikk

Nokre gonger kan det komme enkeltsaker som ikkje er behandla i tråd med gjeldande regelverk. Krav til god forvaltningsskikk er ein ulovfestet rettsleg standard som i den seinare tid i stor grad har blitt lovfesta gjennom ulike prinsipp. Krav til god forvaltningsskikk skal føreligge ved sjølve sakshandsaminga.

5. Tidsfristar for handlinga

Lover og regelverk samt sentrale styringsverktøy i kommunen fastset spesifikke fristar for når handlinga av dei ulike sakene skal skje i folkevalde organ. Under følgjer ei oversikt over saker samt når dei skal vere framlagt for handling.

Årsmelding /årsrekneskap skal bli behandla samtidig og innan 1. juli forskrift av 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) § 10)

Revisjonsmelding skal bli levert av oppdragsansvarleg revisor utan unødig opphald etter at årsrekneskapen er avlagt og seinast 15. april (jf revisjonsforskrifta § 5) Det følgjer vidare at revisjonsmelding skal bli levert også der årsrekneskap ikkje føreligg eller er ufullstendig.

Regnskapsrapportane skal behandlast tertialsvis i kommunestyret

- Regnskapsrapport 1.tertial (pr 30.april) politisk behandling i juni
- Regnskapsrapport 2.tertial (pr 30.august) politisk behandling i oktober

Ved investeringsprosjekt kan det vere krav om avlegging av **sluttrekneskap** til politisk behandling.

Overordna plan for forvaltningsrevisjon skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg (jf kontrollutvalsforskrifta § 10)

Plan for selskapskontroll skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgongen av året etter at kommunestyret vart konstituert (jf kontrollutvalsforskrifta § 13)

Oppfølging av politiske vedtak

For at saka skal vere aktuell, bør ho vere framlagt tidleg på året og seinast samstundes med handsaminga av årsrekneskapen for kommunen, dvs innan 1. juli. Dermed vil saka være med på å skape eit heilheitleg bilete av kommunen si verksemd i det føregåande året.

6. Rapportering til kommunestyret

Mesteparten av dei sakene som det er gitt oversikt over ovanfor, skal rapporterast vidare til kommunestyret. I dei tilfeller bør saka/sakene vere førelagt kontrollutvalet i god tid og seinast 2 veker før handsaming skal skje i kommunestyret.

I dei saker kontrollutvalet ikkje pliktar å leggje fram saka for kommunestyret i lov eller medhald av lov, vil saka som hovudregel bli sett på som avgjort i kontrollutvalet.

I dei tilfelle ligg det til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva dei ynskjer å orientere kommunestyret om.

7. Kontrollutvalet sin innstillingsrett

Som hovudregel er kontrollutvalets innstillingsrett ovanfor kommunestyret eksklusiv. Det inneber at det er kun utvalet som legg fram saka. Kommunens administrasjon skal i samsvar med koml § 77 nr. 6 andre punktum allereie ha fått høve til å få uttalt seg i saka.

Unntaka er i hovudsak innstilling i samband med årsmelding/årsrekneskap for kommunen og kommunale føretak (KF). Her vil kontrollutvalet kun komme med ei fråsegn som vert lagt ved rekneskapen. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 7. Denne fråsegna vil i hovudsak basere seg på revisjonsmeldinga gitt av oppdragsansvarleg revisor

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 27.10.2015

SAK 25/15
FORVALTNINGSREVISJON ÅRIM – SPØRSMÅL OM INNFALLSVINKLAR I
ARBEIDET M.M. (DRØFTING)

Denne forvaltningsrevisjonen er ein del av selskapskontrollen. Årim er eit interkommunalt selskap og vedtak om selskapskontroll skal gjerast av kontorkommunen, i dette tilfellet Ålesund kommune. Plan for selskapskontroll er behandla i Ålesund bystyre etter innstilling frå kontrollutvalet. Problemstillingar i ein slik selskapskontroll/forvaltningsrevisjon vil omfatte alle eigarkommunane.

Selskapskontroll er heimla i kommunelova § 77 nr. 5 og er nærare omtala i forskrift om kontrollutval kap. 6 §§ 13 – 15. I tillegg gir kommunelova § 80 ein innsynsrett i selskap som **fullt ut** – direkte eller indirekte – er eigd av kommunar/fylkeskommunar. Denne retten gjeld for kommunen/fylkeskommune sitt kontrollutval og den som på kontrollutvalet sine vegne utfører selskapskontroll.

Kommunelova § 77 nr. 5 lyder slik:

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Kommunesektoren har i lang tid brukt fristilte organisasjonsmodellar som selskap, stiftelsar og liknande. Utviklinga har gått i retning av stadig aukande bruk av fristilte organisasjonsformer i staden for tradisjonell etatstyring. Resultatet er ei meir kompleks og fragmentert organisering av den kommunale verksemda. Dette medfører spesielle utfordringar når det gjeld folkevalgt styring og kontroll.

Val av organisasjonsform legg rammene for kommunestyret sine føresetnader for styring overfor fristilte selskap, ettersom desse er regulert av særskilt lovgiving som m.a. fastset forholdet mellom eigarane og selskapsorgana.

Selskapkontrollen er delt i to delar. Eigarskapskontrollen er obligatorisk og kan bli utført av kontrollutvalsekretariat, kommunerevisjonen eller andre. Forvaltningsrevisjon er den andre delen. Denne er frivillig og skal utførast av revisor.

For nærare informasjon om selskapskontroll blir det vist til Kontrollutvalboka.

Det blir lagt opp til drøfting og informasjon om dette prosjektet.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 27.10.2015

SAK 26/15
EVENTUELL GJENNOMGANG AV KOMMUNALE REGLEMENT

Det har kome fram synspunkt på at kontrollutvalet bør ta ein gjennomgang av eit utvalgt/utvalgte reglement. Dette er ei oppgåve som kontrollutvalet kan ta på seg.

Oppgåva for kontrollutvalet blir då å sjå til at desse reglementa er i samsvar med gjeldande lover og regelverk. I samband med revidering og endringar, kan kontrollutvalet komme med eigne fråsegner, slik at dei for ettertida framleis ikkje strir mot anna regelverk som den kommunale forvaltning må forhalde seg til.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet vil ta ein gjennomgang av reglement for kommunestyre og reglement for kontrollutval.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 27.10.2015

**SAK 27/15
VEDKOMANDE BUDSJETT 2016 - SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Sykkylven kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggest i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i Sykkylve kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 60.000,00.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 27.10.2015

**SAK 28/15
INNKOMEN E-POST GJELDANDE STORHALLEN**

E-posten reiser spørsmål knytta til den interne kontrollen. Det kan vere aktuelt å sende saka over til rådmannen for å få oversikt over korleis rådmannen vurderer situasjonen og kva eventuelle tiltak som er tenkt gjennomført.

Det er rådmannen som er øvste ansvarleg for den interne kontrollen i kommunen.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Saka blir å oversende rådmannen. Kontrollutvalet ber rådmannen lage ein situasjonsrapport med eventuelle tiltak slik kontrollutvalet kan danne seg eit bilete av situasjonen.

Harald Rogne
dagleg leiar

Harald Rogne

Fra: Odd Jostein Drotninghaug <odd.jostein@broadpark.no>
Sendt: 19. august 2015 14:24
Til: Harald Rogne
Emne: Fwd: SV: Kioskvarer med god dato

Sendt fra min iPhone

Videresendt melding:

Fra: Storhallen Sykkylven <storhallen@sykkylven.kommune.no>
Dato: 19. august 2015 kl. 13:45:52 CEST
Til: odd.jostein@broadpark.no
Emne: SV: Kioskvarer med god dato

Hei Odd Jostein

Kan du sjå på denne, og om det er av interesse for kontrollkomiteen dokka.
Kontoen som blir brukt i open hall er den same som det blir betalt sjenkeløyve til.
Dette til info til deg.

Mvh Kåre Rønning
Driftsstyrar
Sykkylven Storhall
storhallen@sykkylven.kommune.no
Mobil: +47 97093893

Fra: Storhallen Sykkylven [<mailto:storhallen@sykkylven.kommune.no>]
Sendt: 18. august 2015 14:20
Til: 'Petter Lyshol'
Emne: SV: Kioskvarer med god dato

Hei Petter

Snakka litt med Arild Bergstøm igjen ,eg har prata og informert han om dette før.
No ser det ut til at første open hall blir avlyst på grunn av oppussing og då vil nye 20% av beholdninga vere gått ut på dato.
Eg meiner at du må ta deg ein prat og med han, kor han kan gå inn på økonomien til open hall og sjå kor gale det er.
Ein må og då gå inn å sjå på kinokafeen si drift og.

Håper du kan ta dette snart, kva sjer om mattilsynet hadde vist om dette?
Kansje dette hadde vore ei sak for kontrollkomiteen i kommunen?
Ser fram til eit snarleg svar.

Mvh Kåre Magne Rønning
Driftsstyrar
Sykkylven Storhall
storphallen@sykkylven.kommune.no
Mobil: +47 97093893

Fra: Petter Lyshol [<mailto:petter.lyshol@sykkylven.kommune.no>]
Sendt: 9. august 2015 09:06
Til: Storphallen - Sykkylven
Emne: SV: Kioskvarer med god dato

Hei ! Skal sjå litt på dette. Mvh. Petter Lyshol

Fra: Storphallen Sykkylven [<mailto:storphallen@sykkylven.kommune.no>]
Sendt: 10. juli 2015 16:07
Til: Petter Lyshol
Emne: VS: Kioskvarer med god dato

Hei Petter

Kan du ta deg ein prat med rådmannen om dette etter du har lest denne mailen.
Eg er bekymra for at midler til ungdommen blir sløsa vekk på grunn av overinkjøp av varer til både open hall og kinokafeen.
Har og snakka med dei som selg på kinoen og der er og mange varer som går ut på dato.
Ta kontakt med meg viss det er meir info du trenger enten på mail eller tlf. 97093893.

Mvh Kåre Magne Rønning
Driftsstyrar
Sykkylven Storhall
storphallen@sykkylven.kommune.no

Mobil: +47 97093893

Fra: Storhallen Sykkylven [<mailto:storhallen@sykkylven.kommune.no>]

Sendt: 10. juli 2015 16:00

Til: 'Fagforbundet Sykkylven'

Emne: SV: Kioskvarer med god dato

Hei Hans Jakob

Eg har rapportert det til einingsleiaren, men han reagerer ikkje. Dette var for 2 mnd. Sidan.

Og når han igjen ikkje ser alvoret med dette og prøver å bortforklare dette, så ser eg ikkje anna mulighet en å oversende dette til ordføraren/rådmannen.

Mvh Kåre Magne Rønning

Driftsstyrar

Sykkylven Storhall

storhallen@sykkylven.kommune.no

Mobil: +47 97093893

Fra: Fagforbundet Sykkylven [<mailto:fagforbundet.sykkylven@xi.no>]

Sendt: 9. juli 2015 09:05

Til: Storhallen - Sykkylven

Emne: SV: Kioskvarer med god dato

Hei igjen Kåre Magne!

Eg meiner du må melde dette som eit avvik til einingsleiaren.

Skjer det ikkje noko etter ei tid, så bør meldinga gå til rådmannen.

Hans Jakob

Fra: Storhallen Sykkylven [<mailto:storhallen@sykkylven.kommune.no>]

Sendt: 8. juli 2015 21:40

Til: fagforbundet.sykkylven@xi.no

Kopi: geir.grimsmo@online.no

Emne: VS: Kioskvarer med god dato

Hei Hans Jakob

Kva kan eg gjere her då verken Lars Petter eller Halstein tar dette på alvor, dei har så mykje tiltit til Inger at dei går god for henne utan å undersøke. Burde ordføresr/rådmann eller økonomisjefen i kommunen bli underretta, slik at ein får uavhengi overslag om kor landet ligg her. Enno ein gang er det bortforklaring av mine overordna, og når dette sjer på min arbeidsplass er eg ansvarleg å sei i frå synas teg. Kva gjer eg her, kan du kome med eit forslag.

Mvh Kåre Magne Rønning

Driftsstyrar

Sykkylven Storhall

storphallen@sykkylven.kommune.no

Mobil: +47 97093893

Fra: Halstein Kurseth [<mailto:halstein.kurseth@sykkylven.kommune.no>]

Sendt: 6. juli 2015 14:35

Til: Lars Petter Vemøy; Storphallen - Sykkylven

Emne: Kioskvarer med god dato

Hallo Kåre!

Eg har snakka med Inger i dag.

Ho har full kontroll med innkjøp og lager for kiosken for Open Storhall.

Ho er sjølvstøtt obs på dette, men av og til er det uunngåelig at noko går ut på dato.

Det er ikkje dermed sagt av varene er øydelagt – men verre å få seld.

Siste gongane før ferien vart nokre slike varer seld for halv pris. Noko blir gjitt vekk til ungdommane.


Inger har liknande funksjon ved kino-kiosken og det har fungert veldig bra.

Her er det også litt varer som kan gå ut på dato – men det er slik at «tungselgelige varer» tar vi ut og det blir ikkje kjøpt inn på nytt. Dette er nok noko som er vanleg i mange butikkar/kioskar.

Elles må du ha ein fin ferie!

Mulig vi møtes denne veka – på onsdag kjem Verdal Kontrollservice og skal ta årleg sjekk på scenerigg og mobilscena. Du har kanskje ein avtale med Åge om mobilscena?

Mvh



SYKKYLVEN

Halstein Kurseth
Einingsleiar kultur

Tlf sentralbord: 70 24 65 00

Tlf direkte: 70 24 67 53

Mobil: 41605528

halstein.kurseth@sykkylven.kommune.no
www.sykkylven.kommune.no

Fra: Lars Petter Vemøy

Sendt: 6. juli 2015 14:21

Til: Storhallen - Sykkylven

Kopi: Halstein Kurseth

Emne: SV: Mandag 10.aug.

Hei Kåre Magne.

Når det gjeld varelageret til Open Storhall – og dette tilbudet i seg sjølv, så er dette fullt og heilt Inger sitt ansvar. Dette har du ingen ting med.

Eg går utifrå at du er i jobb igjen måndag 10.august, etter 2 vekers sjukmelding + ferie veke 28,29,30,31 og 32.

Derfor vil eg at Inger kan avtale å møte deg når du er i hallen på dagtid denne veka i august . Det er ikkje snakk om særbehandling – tvert om ho er ein kollega av oss. Alle brukarane må vente til opninga den 17.august.

Venleg helsing

Lars Petter Vemøy
Idrett & folkehelsekoordinator
Sykkylven kommune
Kontor: Sykkylven kulturhus
e-post: lars.petter.vemoy@sykkylven.kommune.no
Tlf.job: **480 71747**



God Helse

Sammen om sunne, bygge og
levande lokalsamfunn

Fra: Storhallen Sykkylven [<mailto:storhallen@sykkylven.kommune.no>]

Sendt: 6. juli 2015 13:35

Til: Lars Petter Vemøy

Emne: SV: Mandag 10.aug.

Hei Lars Petter

Eg kan ikkje sjå at det er behov for meir varer til open hall, då varelageret er mykje meir enn nødvendig. Eg meiner at ein må prøve å selge det som går ut på dato eller har gått ut på dato før ein bestiller nytt.

Her snakker vi om varer som går ut eller har gått ut på dato i august/september.

Dette gjelder over 50 % av varelageret.

Har vore i kontakt med Halstein ang.dette, for det er ikkje kontroll med innkjøp og salg av varer.

Var ansvarleg for innkjøp på ein storkiosk i 2 år og varelageret hos open hall er om lag 2 års forbruk på ein storkiosk. At det skal vere nødvendig å sjå lageret og bestille meir trur eg ikkje.

Det skal heller ikkje vere nødvendig at en person skal få særbehandling over for andre grupper, dette slår tilbake på oss. Det at utgatte varer blir selgt til underpris er heller ikkje bra, då det ødlegger inntektene for kiosksalg til open hall.

Samtidig den manglande kontroll på innkjøp ødlegg inntektene til ungdommen og nytt utstyr til open hall.

Dette er ei bekymringsmelding frå meg, har vurdert å gå vidare med det for det er snakk om 5 sifra tap.

Mvh Kåre Magne Rønning
Driftsstyrar
Sykkylven Storhall
storhallen@sykkylven.kommune.no
Mobil: +47 97093893

Fra: Lars Petter Vemøy [<mailto:lars.petter.vemoy@sykkylven.kommune.no>]

Sendt: 1. juli 2015 12:34

Til: Storhallen - Sykkylven

Kopi: Inger Riksheim

Emne: Mandag 10.aug.

Hei.

Inger har behov for å sjekke lageret sitt denne formiddagen + mottak av varer onsdag og torsdag same veka. Så sjølv om hallen er stengt må ho kunne låse seg inn på formiddagen utan at alarmen går.

Ho kan ringe deg på førehand og avtale.

God sumar!

Venleg helsing

Lars Petter Vemøy
Idrett & folkehelsekoordinator

Sykkylven kommune

Kontor: Sykkylven kulturhus

e-post: lars.petter.vemoy@sykkylven.kommune.no

Tlf.jobb: **480 71747**



God Helse

Saman om sunne, trygge og
levande lokalsamfunn